

A MENINGER

DEBATT OG IDEER



A Språket vårt
Per Egil Hegge

Ballinnehav

Hvis noen lurer på hvilket maritimt spørsmål som er dagens tema, skal vi berolige de undrende med at spalten som vanlig har solid bakke- og jordkontakt. En årvåken fjernsynsentusiast, som dessuten har stålsatt sine språknerv i den grad at han er i stand til å følge sportssendingene, har oppdaget at statistikkene under og etter fotballkamper nå inkluderer «ballinnehav». Denne oversikten viser hvor mange minutter hvert av lagene har hatt ballen. I gamle dager, det vil si for mindre enn ti år siden, ble ordet ballbesittelse brukt. Heller ikke det lyser av elegant språkføring, men språkkunstnere kan jo snart finne på å forbedre slagordet «best uten ball» til «best uten ball og verst når alt går i ball», særlig i språklig forstand – eller kanskje heller uforstand.

Hvis ordet 'ballinnehav' skulle slå rot i fremtidens norsk, blir det kanskje også bruk for det personifiserte 'ballinnehaver', en person som tidligere ble kalt ballfører. Ord kommer og går i høyt tempo i idrettsbransjen. Mot slutten av forrige århundre ble 'break-down' brukt om det som skjer når det ene laget erobrer ballen fra motstanderen. Hvorfor et så misvisende engelsk begrep skulle importeres i norsk, rakk vi ikke å diskutere særlig lenge. For ganske snart ble det erstattet med 'overgang', og før vi vet ordet av det, er det vel nå like før det blir ytterligere raffinert til 'ballinnehavovergang'.

Og det er vrient å skrive om fotball. I et internt fylkesoppgjør mellom Aalesund Fotballklubb og Molde ble det regnet som temmelig sikkert at sunnmøringene ville tape mot romsdalingene, noe de stort sett har gjort i flere år. Slik gikk det ikke, og vår kollega svingte seg til de store stilistiske høyder 6. mai: «Mos og Andreas Lie ble de store heltene da AaFKs tapsrekke mot Molde ble knust.»

Når seier heter knusing av tapsrekke, suser det i språkskoogens høyreste graner.



Frå oljenæringa sine talerøyr høyrer ein at vern av Lofoten, Vesterålen og Senja vil medføre bortfall av enorme inntekter, tap av arbeidsplassar, mindre tilvekst til Oljefondet og eit svekka tilbod av velferdstenester, skriv Klaus Mohn. FOTO: INGAR STORFJELL

Prisen for å verne Lofoten mot oljeleiting er 762 kroner i året for kvar av oss. Mange kan meine at dette er ein akseptabel forsikringspremie mot ulemper for natur og klima.

Oljeinntekter frå Lofoten betyr lite for velferdsstaten

Debatt



Klaus Mohn
professor,
Handelshøgskolen
ved Universitetet i
Stavanger og Norges
Handelshøyskole

Etter oljeprisfall, nedskjæringer og magre leiteresultat er oljebransjen no på offensiven for å sikre tilgang til nye, lovande leiteareal. I denne situasjonen står interessekonflikten rundt Lofoten/Vesterålen/Senja (LoVeSe) no fram som ein symboltung prøvestein for tilliten til at oljeverksemd kan gå hand i hand med natur-, fiskeri- og klimapolitiske interesser.

Frå oljenæringa sine talerøyr høyrer ein at vern vil medføre bortfall av enorme inntekter, tap av arbeidsplassar, mindre tilvekst til Oljefondet og eit svekka tilbod av velferdstenester. Ei nærmare vurdering av realitetane tyder på at nokon har teke for mykje Möllers tran.

Verdiane av oljeverksemd i nord blir nemleg ofte illustrert ved det aller største talet, og det er samla salsverdi for olja og

gassen. Men salsverdiar seier lite om lønsemda ved verksemda og ingenting om kva ei opning av LoVeSe-området kan få å seie for Oljefondet, statsbudsjettet eller velferdstilbodet. Akkurat dette har eg sett nærmare på i ein analyse som kjem i juni-utgåva av tidsskriftet *Samfunnsøkonomen*.

Reknestykket

Oljedirektoratet sine forventningar til olje- og gassressursar og 60 dollar oljepris gir ein samla salsverdi frå oljeverksemd i LoVeSe-området i overkant av 500 milliardar kroner. Deretter må ein trekke frå kostnader, korrigerer for at delar av verdiane går til fortene i oljeselskapa og til slutt tilbakeføre inntening langt fram i tid til dagens pengeverdi.

Ei slik rekneøving gir ein nettoverdi for staten av olje- og gassverksemd i LoVeSe-området på 133 milliardar kroner. Dette tilsvarer 1,7 prosent av Oljefondet, og er dermed ikkje meir enn fondsverdien vil svinge i løpet av ei vanleg veke.

Dei 133 milliardane kan heller ikkje brukast over statsbudsjettet sånn heilt utan vidare. Staten sin kontantstraum frå oljeverksemda er nemleg ikkje å rekne som ordinær inntekt, men må snarare sjåast som ei omplassering av formue frå olje- og gassreservar i undergrunnen til

finansformue på Oljefondet. Den norske modellen for ressursforvaltning inneber at bruken av opptente oljeinntekter er avgrensa forventa avkastning frå Oljefondet, som for tida er estimert til 3 prosent.

Forklarer skepsisen

Dermed står ein att med at ei opning av LoVeSe-området for olje- og gassverksemd kan gi ei auke i handlingsrommet på statsbudsjettet på fire milliardar kroner i året til meir og betre velferdstenester – eller til skattelette. For kvar og ein av oss betyr dette at ein risikerer å måtte avstå årlege velferdstenester og/eller skattelette til ein samla verdi av 762 kroner per innbyggjar om ein kjem til at LoVeSe-området bør få ligge i fred.

Analysen tek ikkje omsyn til sideverknadar ved verksemda. Eventuelle positive og negative ringverknadar for andre næringer i området må med i ei fullstendig analyse av samfunnsøkonomisk lønsemd. Det same gjeld implikasjonar av oljeverksemda for natur, miljø og klima.

Det kan jo tenkast at norske veljarar vurderer kostnaden ved slike ulemper til å overstige 762 kroner per innbyggjar per år. Meir skal det ikkje til for å forklare skepsisen mot opning av LoVeSe-området for olje- og gassverksemd.

Debattredaktør:

Erik Tornes

Adresse: Aftenposten, Debattredaksjonen, Postboks 1178, 0107 Oslo

KRONIKK

E-post: kronikk@aftenposten.no
Maks. 6000 tegn inkl. mellomrom.
Legg ved portrettfoto.

DEBATT

E-post: debatt@aftenposten.no
Hovedinnlegg: Maks 3000 tegn inkl. mellomrom. Legg ved portrettfoto.
Kortinnlegg: 400-1500 tegn.

Kronikker/debattinnlegg på nett:

aftenposten.no/meninger
• Aftenposten returnerer ikke artikler som blir sendt på papir.